



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 3, 19. januar 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



75-års jubileum for symfoniorkesteret: Konsert 29. januar

Symfoniorkesteret markerer 29. januar at det er 75 år sidan orkesteret starta, og det skjer i form av ein konsert på Volda samfunnshus 29. januar kl 19.00. På programmet står både filmmusikk frå Flåklypa og Game of Thrones, men også klassiske perler frå operaverda og meir sakral musikk.

[**LES MEIR**](#)

The screenshot shows a news article from NRK Møre og Romsdal. The title is "Studentar vil ikkje jobbe frivillig - fryktar for tilbodet i studentbygdene". Below the title, there is a short text: "Få frivillige fører til stengde dører, færre konserter og svekka tilbod i mange studiebygder. Studentane burde «step it up», seier leiar på studenthuset." To the right of the text, there is a photo of two men in black shirts standing in front of a window. On the far right, there is a sidebar with names and titles of the journalists involved.

Rokken-frivillige vart sak på NRK

Studenthuset Rokken har for få frivillige studentar. Korte dognadslistar fører til dårligare tilbod, både når det gjeld konserter og andre tilbod. NRK har omtala dette og også undersøkt forholda i Sogndal og Alta.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv

Kven bør få pris for internasjonalisering? Nominasjonsfrist er 5. februar

Pris for internasjonalisering går kvart år til ein studentorganisasjon, studentfestival eller studentlag som har gjort ein særleg innsats for å inkludere internasjonale studentar, skape kontakt og byggje relasjonar mellom norske og internasjonale studentar ved Høgskulen. Prisen er på 10 000 kr, og både studentar og tilsette kan nominere. Årets nominasjonsperiode varer fram til 5. februar. Fleire av studentorganisasjonane slit med å halde oppe engasjementet og studentfrivilligheita etter koronaen. Vonleg kan prisen vere ein av fleire måtar å løfte fram det gode arbeidet som studentane legg ned i frivillig arbeid, og motivere til vidare innsats og rekruttering. Vi set difor stor pris på alle nominasjonar. Prisen blir delt ut på Internasjonal dag 8. februar. [Les meir om prisen, sjå oversikt over tidlegare vinnarar og gå til nominasjonsskjema her.](#)

Internasjonal dag: 22 gjestar frå partneruniversitet i 9 land

På [internasjonal dag 8. februar ved Høgskulen i Volda](#) kjem det 22 internasjonale gjestar frå partneruniversitet i Tyskland, Belgia, Hellas, Storbritannia, Nederland, Frankrike, Polen, USA og India. Høgskulen i Volda har over 100 samarbeidsavtalar med internasjonale høgskular og universitet. [Her er oversyn over alle våre partneruniversitet](#).

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Indisk vegetargryte (butter) OG Vegansk korma
Tysdag: Soyamarinert laks med juliennegrønnsaker og tortilla
Onsdag: Kebabbuffet
Torsdag: Potetball med tilbehør
Fredag: Tacobuffet

Fag og forsking

Seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette 22. februar

Høgskulen i Volda arrangere 22. februar seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette. Seminaret er altså ikkje eit norskkurs i seg sjølv, men handlar om kunnskapar om og erfaringar med norskopplæring av fagleg tilsette, og korleis andre institusjonar løyser dette. Seminaret har to innleiarar som begge arbeider ved Universitetet i Bergen: Professor [Ann-Kristin Helland Gujord](#) som har forska på desse spørsmåla, og [universitetslektor Else Berit Molde](#) som har arbeidd praktisk med norskopplæring av internasjonale tilsette. [Her er meir informasjon om seminaret - og lenke til påmelding. Seminaret er gratis.](#) Påmeldingsfristen er 15. februar 2023. Les også omtale av norskopplæring ved Universitetet i ein [artikkel i Krono](#).

Forskarskulen PROFRES: Søknadsfrist for opptak er 15. februar

Forskarskulen PROFRES har opptak to gonger i året, og neste opptak har søknadsfrist 15. februar. [Her er meir informasjon om og søkeradsskjema til opptak på PROFRES.](#) Høgskulen i Volda er ein av institusjonane bak forskarskulen PROFRES som rettar seg mot doktorgradsstudenter innanfor fagområda helse, velferd og utdanning. Inntil 60 ph.d.-kandidater kan vere med i PROFRES-nettverket. Prosjektkontoret ligg ved Universitetet i Stavanger, og i tillegg til UiS og HVO er det seks andre norske institusjonar i nettverket: Universitetet i Agder, Universitetet i Sørøst-Norge, Nord Universitet, Høgskulen på Vestlandet, og Høgskulen i Molde. Høgskolen i Østfold er assosiert partner og internasjonale partnarar er Roskilde Universitet og Tallin Universitet. Forskarskulen er finansiert av Noregs forskingsråd fram til 2030. [Les også om PROFRES på nettsidene våre.](#)

Regjeringa vil ha fleire barnehagelærarar i barnehagen

[Regjeringa har lagt fram ein ny barnehagestrategi](#) der det blant anna vert sett som mål at innan 2030 skal barnehagelærarar utgjere 60 prosent av dei tilsette i barnehagen, mot 50 prosent i dag. Høgskulen i Volda har barnehagelærarutdanning på bachelornivå, både som [heiltids-](#) og [deltidsstudium](#) og tilbyr også ein [mastergrad i barnehagekunnskap](#). I tillegg har høgskulen fleire vidareutdanningstilbod for

barnehagelærarar. [Her er alle våre studietilbod som er relevante for barnehagelærarar.](#)

Styre og stell

Store auditorium i Berte Kanutte-huset skal (truleg) pussast opp i sommar

Høgskulen og Statsbygg planlegg å pusse opp det største auditoriet på Høgskulen i Volda. Etter planen skal auditoriet pussast opp i løpet av sommarferien 2023 og stå ferdig til studiestart hausten 2023. Stolane skal trekkast om, golvet skal slipast, veggar målast og det skal inn langt fleire straumkontakter og ein del nytt IT-utstyr. Samla kostar oppussinga og oppgraderinga truleg ca. 4 millionar kroner. Dette betyr at Store BK ikkje er tilgjengeleg for undervisning eller andre arrangement frå ca. 17. mai og fram til opning av studieåret 15. august 2023. Saka ligg no til godkjenning hos Statsbygg.

Samskipnaden vil selje eideom i Ålesund for 30 millionar

Studentsamskipnaden i Volda eig delar av eit forretningsbygg i Ålesund i nærleiken av NTNU Ålesund. Dette er ein rest frå då Studentsamskipnaden også var samskipnad for Høgskolen i Ålesund. [Eideomen er lagt ut på Finn.no med ein pris på 30 millionar kroner.](#)

Namneendring på Avdeling for kulturfag - utan drama

Avdeling for kulturfag har teke i bruk instituttnamnet på sine faglege einingar, og eitt av dei "nye" institutta er Institutt for teater. Tidlegare nytta fagmiljøet nemninga drama og teater. [Og her er dei tilsette på Institutt for teater.](#)

Retting: Engelske namn på avdelingar og institutt på Høgskulen i Volda

I førre nyhendebrev stod det feil engelsk namn på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Rett namn er "Faculty of Humanities and Education"

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda

til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Ellen Madssen Andenes har fått opprykk til førstelektor

[Ellen Andenes](#), ASH/Sosialfag har fått fagleg opprykk til førstelektor i helsefag med sosialfagleg profil. Dette vart stadfesta i TUFO (Tilsettingsutval for fagleg tilsette) i møte denne veka.

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Registrering av faglege arbeid i Cristin-systemet: Fristen er 16. januar

Fristen for å [registrere faglege arbeid i 2022 i Cristin-systemet](#) er 16. januar 2023. Ta eventuelt kontakt med [rådgivar Bente Gunn Lien](#) om du ikkje har tilgang til Cristin eller treng anna hjelp.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Dekan: Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 22.1.2023](#)

[Sivolda: Driftsleiar - søknadsfrist 24.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/Førstelektor/Høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 1.2.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/ høgskulelektor i norsk/norskdidaktikk språklege emne - søknadsfrist 1.2.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor i norsk/norskdidaktikk/norsk som andrespråk - søknadsfrist 1.2.2023](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

- 20.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
27.1.2023: [Fagdag, geriatri](#), BK Store auditorium
3.2.2023: Disputas Ingeborg Berg Skogen, Høgskulen i Volda
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
10.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken
10.2.2023: Premiere, studentrevyen 2023
22.2.2023: [Seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette](#), BK Vesle aud
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde
20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

- 1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
[Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
[Animation Volda](#)
26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorskenterets blogg](#)

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](#)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)